

4.3.12 Tannbehandling

Inghild Follestad

Reglane for tannbehandling er samansette. Dei viktigaste reglane er oppsummert kort her. Det er viktig at den enkelte drøftar muligheiter for støtte med eigen tannlege/lege. Informasjon om ulike muligheiter er lagt ut på helsenorge.no.

Sjeldne medisinske tilstandar

MS står *ikkje* på Helsedirektoratet si liste over sjeldne medisinske tilstandar som gir rett til støtte frå Helfo.

<http://helsenorge.no/sjeldne-diagnoser/rettigheter-ved-sjeldne-diagnoser/stotte-til-tannbehandling>

Den offentlige tannhelsetenesta

- er som regel billigare enn den private. Ein kan etterspørre time ved den offentlige tannklinikken ein geografisk soknar til. Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester er rimelig tilgjengelige for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i fylket. Personar med MS er ikkje i prioritert gruppe, men i tillegg til dei prioriterte oppgåvene gir den offentlige tannhelsetenesta tilbod om behandling til vaksne, betalende pasientar ved dei fleste klinikkane. Dette avhengig av kapasitet.
- Personar i institusjon og heimesjukepleie skal prioriterast. Dette under føresetnad av at ein har budd i institusjon i 3 månader eller meir, eller har mottatt heimesjukepleie minimum 1 gong per veke i 3 månader eller meir. Desse får gratis behandling.

Støtte til tannbehandling via Helfo

- Personar med sterkt nedsett evne til eigenomsorg ved varig sjukdom eller ved varig nedsett funksjonsevne (tilstand som har vart i meir enn eitt år og er medverkande årsak til redusert tannhelse) kan ha rett til støtte til tannbehandling.
- Det same gjeld dersom sjukdomsutvikling, bruk av medisinar e.l. direkte påverkar tannhelsa.

Det er den enkelte tannlege som skal vurdere om pasienten kan ha rett til støtte til tannbehandling og gi hjelp til søknad.

Meir informasjon på helsenorge.no;

<http://helsenorge.no/betaling-for-helsetjenester/hvem-betaler-tannlegeregningen-din#Tannbehandling-for-voksne>